

## Høyringsutkast «Forslag til ny opplæringslov og endringer i friskoleloven».

OKSU ber fylkeskommunen, i sitt høyringsvar til ny opplæringslov, støtte opp lovfestinga av opplæringskontora og godkjenning som lærebedrift, samt forsterkar opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skulen og lærebedriftene».

Som del av behandlinga av Fullføringsreformen i Stortinget 1. juni 2021 blei følgande vedtak gjort: «Stortinget ber regjeringen videreføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenning som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene».

**Opplæringskontor (OK) må forankrast i lovteksten som opplæringskontor, med same rettar som lærebedrift har i dag og i samsvar med dagens lovtekst. Opplæringskontor er kontraktsansvarleg/kontraktspart og eit samarbeidsorgan som tek på seg opplæringsansvar og administrasjon på vegne av sine medlemsbedrifter.**

Vi meiner dette er viktig for å sikre at opplæringskontora kan halde fram med - og videreutvikle det viktige arbeidet dei gjer med og gje sine medlemsbedrifter forutsigbarhet. Verksemdene som har sin aktivitet innafor dei ulike bransjane treng forutsigbarhet i sitt arbeid med lærlinger. Dette baserer seg på at opplæringskontora er etablert som ein kontraktspart og eit samarbeidsorgan, og bidreg dermed til dette. Forutsigbarheten i bransjen vil bli svekka dersom opplæringskontor blir tekne av lovtekst, og kun omtala i forskrifta. For å visualisere kva aktivitet som blir ivaretatt på eit opplæringskontor, har vi utarbeida ei kortfatta liste med nokre av de viktigste oppgåvene som opplæringskontora har.

### **Kva oppgåver har et opplæringskontor:**

Eit opplæringskontor er den profesjonelle part i opplæring i bedrift, med fokus og kontroll på at opplæringa og læreforholdet er i samsvar med læreplan, lover og forskrifter.

- er involvert hos medlemsbedriftene i å legge til rette for opplæring, veiledning og kvalitets sikring.
- driv jamnleg rådgjeving og rettleiing til sine medlemsbedrifter for å skape eit godt lærings- og arbeidsmiljø for **lærlingane**.
- Er involvert i halvårs samtaler/vurderingsamtaler som ein nøytral part.
- driv kontinuerlig kvalitetsarbeid for å gjere opplæring og lærebedriftene beire.
- er i stor grad involvert i saker der lærlingane har utfordringar for å hjelpe dei og bedriftene i å fullføre læreløpet.
- bidreg i sterk grad til å få gjennom lærlingar/lærekandidatar med utfordringar via rettleiing og tilrettelegging.
- sikrar god og målrettet kommunikasjon mellom lærling, lærebedrift, skulane og fylkeskommunen. OK er dermed ein viktig brubyggjar mellom skule, bedrift og fylkeskommunen.
- bidreg til at bransjen får sikra fagutdanna arbeidskraft i samsvar med marknaden sitt behov, ved å formidle nødvendig informasjon på bransjens sine vegne til fylkeskommune.
- koordinerer, kvalitets sikrar og optimaliserer den opplæring som blir gjeve til lærling i læretida. Opplæringa blir med dette i samsvar med gjeldande læreplan, lover og forskrifter. Målsettinga er at lærlingen skal sikrast best mogeleg grunnlag for å kunne fullføre utdanninga og avlegge fagprøve i faget ved utløp av læretida.

## Kommentar til høyringa

### § 5-6 Rett til læreplass eller anna tilbod på vidaregåande trinn 3

Søklarar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, har rett til læreplass. Dersom fylkeskommunen ikkje kan gi søkjaren tilbod om læreplass, har søkjaren rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 bygd på det programområdet han eller ho har gjennomført på vidaregåande trinn 2. Departementet kan gi forskrift om opplæringstilbodet til dei som ikkje får læreplass.

Kommentar: Paragrafen er sjølvmotseiande. Og det er lite hensiktsmessig å gje rett til læreplass på vegner av næringslivet og samtidig «rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3..» Dette gjeld og § 18-5 Rett til læreplass eller anna tilbod i den vidaregåande opplæringa for vaksne.

Framlegg

### § 5-6 Rett til anna tilbod på vidaregåande trinn 3

Søklarar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, har fylkeskommunen plikt til å gje tilbod om læreplass. Dersom fylkeskommunen ikkje kan gi søkjaren tilbod om læreplass, har søkjaren rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 bygd på det programområdet han eller ho har gjennomført på vidaregåande trinn 2. Departementet kan gi forskrift om opplæringstilbodet til dei som ikkje får læreplass.

### § 7-4 Kva rettar og plikter dei med læretid i bedrift har som arbeidstakarar. Tilhøvet til arbeidsmiljøloven

*Dei som har læretid i bedrift, er arbeidstakarar i lærebedrifta, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar.*

[Alternativ 1:]

*Dei som skal ha læretid i bedrift, skal ha arbeidsavtale med lærebedrifta. Lærebedrifta kan berre seie opp denne arbeidsavtalen dersom kontrakten om læretid blir oppsagd eller heva etter § 7-3.*

[Alternativ 2:]

*Dei som skal ha læretid i bedrift, skal ha arbeidsavtale med lærebedrifta. Der lærebedrifta er eit opplæringskontor, skal dei som skal ha læretid, ha arbeidsavtale med den eller dei bedriftene som gir opplæringa. Dei første seks månadene av arbeidsforholdet kan arbeidsavtalen likevel seiast opp etter reglane i arbeidsmiljøloven §§ 15-3 og 15-6 dersom det er inngått kontrakt om full opplæring i bedrift. Kontrakten om læretid fell bort dersom arbeidsavtalen blir oppsagd. Arbeidsavtalen fell bort når læretida er over, eller dersom kontrakten om læretid blir oppsagd eller heva. Andre avsnitt andre setning, tredje avsnitt og fjerde avsnitt gjeld ikkje arbeidsavtalar som partane har inngått uavhengig av kontrakten om læretid. Lærerekandidatar har rett til individuell tilrettelegging etter kapittel 11 dersom utbyttet av den ordinære opplæringa ikkje er eller ikkje kan bli tilfredsstillande.*

Framlegg: Alternativ 2 støttast.

### **§ 7-5 Godkjenning av lærebedrifter**

Fylkeskommunen skal godkjenne lærebedrifter som oppfyller krava i § 7-6.

Før fylkeskommunen kan godkjenne ei lærebedrift, må ho vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda. Den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda skal vege tungt.

[Alternativ 1:] Departementet kan gi forskrift om godkjenning av lærebedrifter, om deling av ansvaret mellom samarbeidande lærebedrifter og om einingar for samarbeid mellom lærebedrifter (opplæringskontor).

[Alternativ 2:] Departementet kan gi forskrift om godkjenning av lærebedrifter og om godkjenning av opplæringskontor som lærebedrift. Departementet kan òg gi forskrift om deling av ansvaret mellom samarbeidande lærebedrifter og om deling av ansvaret mellom opplæringskontor og lærebedriftene som er knytte til kontoret (medlemsbedrifter).

*Nytt alternativ*

[Alternativ 3:] Departementet kan gi (forskrift om) godkjenning av lærebedrifter og godkjenne opplæringskontor som lærebedrift. Bedrifter som er knyttet til et opplæringskontor defineres som medlemsbedrifter.

### **§ 7-6 Krav til lærebedrifter**

*Framlegg til endring i § 7-6 [Alternativ 2]*

#### **§ 7-6 Krav til lærebedrifter**

Ei lærebedrift skal vere i stand til å gi opplæring i samsvar med læreplanar i fag, anten åleine eller i samarbeid med andre godkjende lærebedrifter.

Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar som har ansvaret for opplæringa, og ein eller fleire instruktørar som gir opplæring.

*Opplæringskontor skal kunne godkjennast som lærebedrift.*

#### **16-1 Rådgiving om utdannings- og yrkesval**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at elevlar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa får den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval.

*Framlegg: Forslaget støttast.*

## **Kapittel 18 Rett til førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for Vaksne**

### **§ 18-1 Formålet med opplæringa for vaksne**

Formålet med opplæringa i § 1-2 og dei overordna måla og prinsippa for opplæringa med heimel i § 1-3 gjeld så langt det høver. Opplæringa skal byggje på den kompetansen dei vaksne deltakarane allereie har, og skal gjennomførast slik at deltakarane kan komme seg ut i arbeid eller utdanne seg vidare så raskt som mogleg.

*Framlegg: Forslaget støttast*

#### **§ 18-4 Rett til yrkesfagleg rekvalifisering**

*Dei som har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, har rett til vidaregåande opplæring fram til éin ny sluttkompetanse innanfor eit yrkesfagleg utdanningsprogram.*

*Kommentar: Framlegget får konsekvens i form av auka elevtal på vgs og større rekruttering til næringslivet. Dette kan vere positivt, men det kan også føre til at voksne blir prioritert av næringslivet i spørsmål om læreplass. Dette bør utgreiast vidare.*

#### **§ 18-5 Rett til læreplass eller anna tilbod i den vidaregåande opplæringa for vaksne**

*Dei som har lovfesta rett til opplæring etter § 18-3, og som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, har rett til læreplass. Dersom dei ikkje får tilbod om læreplass, har dei rett til eit anna opplæringstilbod som gir grunnlag for den sluttkompetansen dei er tekne inn på. Når vaksne deltakarar får opplæringa i bedrift, gjeld kapittel 7 for den delen av opplæringa.*

*Kommentar: Paragrafen er sjølvmotseiande. Og det er lite hensiktsmessig å gje rett til læreplass på vegner av næringslivet og samtidig «rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3..»*

*Opplæringskontora sitt samarbeidsutval- OKSU*

*Bjarte Heggheim - Leiar*